



## Saksframlegg

### Pride - flagging i Fyresdal kommune

| Utval         | Utvalssak | Møtedato |
|---------------|-----------|----------|
| Formannskapet |           |          |

#### Bakgrunn for saka:

Det har i fleire år vore uklart kva reglar kommunane har for å heise Pride-flagget i Fyresdal. Ingenting er vedtatt politisk.

Gimle skule bestilte gratis pride-flagg i mai 2025, grunna auka fokus rundt tema.

Skulen ynskjer å markere og Kultur og klubb har tidlegare heisa flagget på klubbkveldane, dette for å vise inkludering, respekt og mangfald.

Avdeling kultur og Klubben har i mange år heisa Pride flagget dei dagane i juni det er klubb.

Behov og ynskje for å markere Pride gjentek seg også i år og ein har behov for eit vedtak rundt dette.

Offentlege kommunale flaggstengar i Fyresdal kommune er ved:  
Gimle skule, Fyresdal kulturhus og Fyresdal pleie og omsorgssenter.

Lovgrunnlag:

Flaggloven:

[Lovdata flaggloven](#)

[Lov om flagging på kommunenes offentlige bygninger - Lovdata](#)

Lov om flagging på kommunens offentlige bygninger § 1 seier:

På eller fra kommunenes offentlige bygninger, eiendommer og kommunale institusjoner må kun brukes flagg som nevnt i **lov 10. desember 1898 nr. 1** om Norges Flag § 1 (uten splitt og tunge), det samiske flagget eller kommune- eller fylkesflagg. Som offentlige bygninger og kommunale institusjoner regnes bygninger med tilhørende grunn som kommunen råder over som eier, leier eller lignende og som hovedsakelig brukes i forbindelse med kommunens offentlige oppgaver eller av kommunale institusjoner. [Forbudet i første punktum gjelder ikke i forbindelse med arrangement, markering eller merkedag av allmenn interesse](#). Det samme gjelder frittstående kommunale flaggstenger på torg, bruer, plasser eller lignende som ikke framstår som en integrert del av et kommunalt bygningskompleks eller et bygningskompleks som for den vesentligste del benyttes av kommunale institusjoner.

#### Unntaket (Lovendringen av 4. juni 2021)

- **Mer frihet:** Kommunene kan velge å bruke *andre flagg* i forbindelse med arrangementer, markeringer eller merkedager av allmenn interesse.
- **Ingen tilknytningskrav:** Etter 2021-enderingen er det ikke lenger et krav at arrangementet må ha en spesiell tilknytning til selve bygget det flagges fra.

Etter drøftingar i administrasjonen no i vår, har kommunedirektøren bedd om ei sak til formannskapet, slik at det er mogleg å flagge for Pride no i juni dersom det er ynskjeleg. Så må det lagast ei generell sak og flaggreglar i Fyresdal kommunen til handsaming i kommunestyret i etterkant av dette.

### **Vurdering:**

*Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Strategi for oppvekst og utdanning:*

Fyresdal kommune skal vere ein god oppvekstkommune

- Satse på tidleg innsats, inkludering og toleranse som førebyggjande tiltak
- Ha nullvisjon for mobbing

Denne saka er å rekne som ei hastesak for å få vurdert høve til å flagge med Pride flagget no i juni 2026. Denne saka må etterfylgjast av ei sak til kommunestyret kor Fyresdal sine flaggreglar i sin heilheit blir handsama, inkludert korleis Fyresdal kommune ynskjer å flagge ved arrangement t.d. Pride, då med føringar frå denne saka.

Pride kjem frå engelsk pride som betyr stoltheit.

Det er ei markering av lesbisk, homofil, bifil, trans, interkjønn og skeiv identitet, og av alle som bryt med normer for kjønn og seksualitet. Det viktigaste symbolet er regnbogeflagget. Paraden er ein sentral del. Ikkje alle kommunar feirar spesifikt, men mange flaggar i solidaritet i juni. I Fyresdal arrangerte vi eit svært vellykka Prida arrangement i 2021, eit såkalla bygdepride. Pride handlar om rettar, tryggleik og synleggjering, markering av Pride løftar fram både historia og dei utfordringane som finst der i dag.

Pride blir ofte markert i mai og juni, med paradar, debattar, føredrag, utstillingar og sosial arrangement. Oslo Pride er 17-27/6-2026 som avsluttast med parade i Oslo 27.06.2026. Pride har altså ingen spesifikk flaggdato, men det er nokon stader vanleg å flagge t.d. i juni.

Sektor for kultur og oppvekst i Fyresdal skal ha og har fokus på inkludering og mangfald. Jamfør statlege føringar og verdiar opplæringa skal byggje på, er det mange gode argument for å bruke prideflagget. Skulemiljøtemaet har hatt dette oppe som tema etter undersøkingar og avdekkningar av krenkjande ord og uttrykk knytt til mangfold og seksualitet. Det er viktig at skulen og klubben er ein inkluderande arena som byggjer oppunder menneskeverdet.

Fyresdal kommune har som bygd ulike haldningar knytt til Pride. Det kjem til syne i mellom anna skulekvardagen. «Homo» vert framleis bruka som skjellsord hjå nokre elevar. Tilsette ved skulen jobbar førebyggjande med å skape gode haldningar hjå elevane. Skule og klubb skal vere ein samlande arena og skal famne om alle.

I Seljord kommune sitt flaggreglement er ikkje Pride spesielt nemnt, men er å rekne som eit arrangement på generelt grunnlag.

Nissedal kommune flaggar med Noregs flagg ved kommunehuset på nasjonale og lokale flaggdagar, Sameflagget på samefolkets dag, FN-flagget på FN-dagen og FN sin menneskerettsdag og Regnbogeflagget i heile juni.

### **Konklusjon:**

Fyresdal kommune skal ha fokus på inkludering og mangfald. Det er ynskjeleg å markere Pride med flagging i juni månad i sektor for kultur- og oppvekst. Fyresdal kommune flaggar for Pride heile juni ved Gimle skule og Fyresdal kulturhus. Dersom det visar seg at det er konflikt mellom to flagg på same flaggdag, så har nasjonale flaggdagar prioritet.

Dette er ei mellombels ordning som gjeld no for juni 2026.

Det skal lagast eige sak om flaggreglement for Fyresdal kommune haust 2026, kor føringar frå denne saka skal takast med.

**Innstilling frå kommunedirektøren:**

Fyresdal kommune flaggar for Pride heile juni ved Gimle skule og Fyresdal kulturhus. Dersom det visar seg at det er konflikt mellom to flagg på same flaggdag, så har nasjonale flaggdagar prioritet.

Dette er ei mellombels ordning som gjeld no for juni 2026.

Det skal lagast eige sak om flaggreglement for Fyresdal kommune haust 2026, kor føringar frå denne saka skal takast med.

|                 |                      |
|-----------------|----------------------|
| Ulf Pedersen    |                      |
| Kommunedirektør | Hilde Martini Momrak |